

Stempel og posthistorie kring postkupéekspedisjonane på Södra Stambanan

Føremål: Føremålet er å syna post som vart handsama av postkupéekspedisjonane, og mange av stempla som vart nytta på dei ymse banestrekningane, omtala i eksponatet. Eksponatet vil syne bruken av stempla til postkupéekspedisjonane på sendingar, både som annulleringsstempel, transittstempel og framkomststempel. I 1899 vart Postiljonskupéekspedisjonane oppretta, og fekk stempla PLK med nummer på same vis som PKXP - stempla. I eksponatet vert det synt nokre få døme også på desse stempla. Dei nye ordningane med postkupéekspedisjonar hadde avgjerande betydning for effektivisering av det postale sambandet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.


Betyding: Utbygginga av jernbanenettet i Sverige var ein revolusjon for kommunikasjonane. Eit av dei viktige resultatane var tilgjenge og utbygging av dei grissgrendte stroka der jernbana vart utbygd, og som fylgje av dette, også lette av postgangen. Då Södra Stambanan mellom Malmö og Falköping vart opna i 1864, var alt Västra Stambanan mellom Stockholm og Göteborg i drift. I Falköping korresponderte dei to banene og utveksla post. I 1874 vart også Östra Stambanan opna på strekninga Katrineholm – Nässjö. Den er i eksponatet også definert som ein del av Södra Stambanan. På Södra Stambanan vart postkupéekspedisjonar sett i drift i 1863, på den delen som var opna for trafikk. Södra Stambanan var særleg viktig for internasjonale sendingar, men også av vital betydning for dei lokale, regionale og nasjonale sendingane. I tillegg til innanlands- og transittsendingar, vil eg syne internasjonale sendingar som femnar om sendingar frå Rosario, Argentina i sør til Noreg i nord, og frå China i aust til Apia, Samoa i vest.

Periode: Eksponatet femnar om tidsbolken 1864 – 1913; året då PKXP - stempla gjekk ut av produksjon. Eksponatet syner bruken av stempla "Södra St.banan" på sendingar i perioden 1864 til 1868, og vidare sendingar med "PKXP" - stempel frå 1868 fram til 1913. I tillegg som nemnt, vert det synt døme på PLK - stempla i tida 1899 – 1911.

Struktur: Eksponatet er, med få unntak, bygd opp kronologisk innanfor kvar banestrekning som er omfatta av dei einskilde kapitla. Denne kronologien vert synleggjort ved at årstala for dei enkelte objekta er notert på kvart ark. Etter 1874 vert både den opphavlege Södra Stambanan og Östra Stambanan omtala som Södra Stambanan.

Det vert synt to hovud kart, eit for den opphavlege Södra Stambanan, og eit for den nye Södra Stambanan, Jönköpingbanan og Östra Stambanan, i tillegg til ei rekkje mindre lokale kart. Det vert synt to enkle frimerke som illustrasjonar for stempel som var i bruk. Bilete av nokre jernbanestasjonar og ei jernbanevogn for postkupéekspedisjon vert også synt. Objekt av særleg karakter eller som er særleg sjeldsynte er merka med raud rame. Eksponatet syner også to postale blankettar, eit kart for verdipost, og eit P.S – kort. Objektet med attest er merka **E**.

Stempel: I eksponatet syner eg rullestempel og eit maskinstempel saman med fylgjande Normalstempeltypar (seinare korta Nst.), nytta som annulleringsstempel, transittstempel eller framkomststempel (Stempla er minskta til om lag 70 % av original storleik av illustrasjonar henta frå Facit Postal IX, og er berre illustrative.



Innhald

Kapittel 1: Södra Stambanan Falköping – Malmö 1864 – 1868	Side 2
Kapittel 2: Strekninga Falköping – Falköping Ranten - Nässjö – Malmö 1868 – 1874	Side 9
Kapittel 3: Strekninga Nässjö – Malmö 23.11.1874 – 14.5.1877	Side 20
Kapittel 4: Strekninga Katrineholm og Falköping/Falköping Ranten – Nässjö – Malmö 15.5.1877 – 30.9.1903	Side 24
Kapittel 5: Strekninga Nässjö – Malmö – København 1903 – 1907	Side 58
Kapittel 6: Delstrekningar av Södra Stambanan frå 1878	Side 63
6.0: Linköping – Nässjö 1878 – 1900	Side 63
6.1: Katrineholm – Nässjö 1879 – 191	Side 66
6.2: Jönköping – Nässjö	Side 75
6.3: Falköping – Nässjö 1880 -1910	Side 76

Skriftlege kjelder:

Erik Sjögren: Svenska Järnvägssträckor med nummer stämplat PKXP – PLK – PKP 1868 – 1968

Katalogar: Facit Postal IX. Facit 2014 Special.

Bernt Ling: Lings notat om PKPX og PLK stempla

Billgren, Bjäringer & Stone: Swedish Letter Rates to Foreign Destinations

Nils Forssell: Svenska Postverkets Historia

Jarnvag.net

Munnlege kjelder med takk for hjelp og oppmuntring:

Erling Berger, Colin Tabcart, Wayne Donaldson, Richard Bodin, Hans H. Blom og Ivar Sundsbø

Kart: Frøydis Mjelde, Historiskt.nu og Svenska Postverkets Historia